

Noregs vassdrags- og energidirektorat

26.01.26

Høyringsfråsegn - Midlertidig begrensning på bruk av anleggsvei - Blåfalli-vassdraget

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) vart grunnlagt i 1890 og er vestlandets største friluftsansamling med nær 30 000 medlemmer. BHT er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) som har over 320 000 medlemmer på nasjonal basis. Turlaget sitt føremål er å tilretteleggja for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Kvinnherad Turlag er eit lokallag i Bergen og Hordaland Turlag. Kvinnherad Turlag vart skipa 5. november 1998. Turlaget skal arbeida for eit aktivt, naturvenleg og trygt friluftsliv for alle som bur i, og som vitjar kommunen. Kvinnherad turlag har 888 medlemmer i alderen 0-101år.

Naturområda kring Folgefonna er kraftig berørt av kraftutbyggingar. Anleggsvegane, dammane og dei regulerte magasina har redusert INON-områda og landskapsverdiane i området, noko som har påverka høve til å oppleva urørt natur. Eit viktig avbøtande tiltak er at anleggsvegane har vore opne for ålmenta, slik at ein lett kan koma seg inn i fjellet. Området har regional og nasjonal bruk, og BHT vil understreka at ein bør unngå ei indirekte utholing av allemannsretten ved å prioritera brukargrupper.

Området ein får tilgang til frå anleggsvegen er kartlagt og verdsett som «svært viktig friluftslivsområde»:

*Turområde sommar som vinter. Køyreveg inn til Møsevatn ved Møsevassbreen.
Mange turmoglegheit, moglegheit for telt, fiske, jakt, bærplukking.¹*

Blådalen er eit viktig utferdssområde heile året. Når SKL vil regulera ferdsel på vegen heilt frå Matrekrysset og opp, kan dette råka mange aktivitetar og turmål. Dette gjeld trafikk til Fjellhaugenfjellet med skisenter, dagsturhytta Fagnabu og Nesjastølsvatnet (hytta er open heile året, sportfiskarlaget driv hytta). Vidare er området mykje brukt til toppsturar og fjellskiturar. Mellom anna frå Vetrhus, Storbjørnli, Brandvikevatnet og

¹ <https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00010940>

Blådalsdammen til Alvaldsnuten, Blådalshorga og Sandvasshorga. I barmarkssesongen er tilgangen til Blådalshytta frå Blåfalli IV eit viktig og mykje brukt turområde. Turane til Svelgabreen og padling på Møsevatnet startar ved Blåfalli IV.

Kvinnherad Turlag har fleire organiserte turar i området sommar som vinter. Dette året er det sju planlagde turar, i tillegg har me samarbeid med valfag friluftsliv på Husnes ungdomsskule som har to overnattingsturar. Ein i telt på forsommaren og ein på breen på hausten.

Med denne bakgrunn meiner BHT og KT at SKL ikkje bør få løyve til regulering av ålmenta sin bruk av anleggsvegen i Blådalen, ut over anleggsperioden på 5 år. Innanfor den 5-årige perioden, medan anleggsverksemda varer, bør SKL heller ikkje ha fri tilgang til å regulera trafikken i Blådalen. Det bør vera klare føringar som sikrar:

- Tilgang for ålmenta til å køyra bil til og frå Fjellhaugen skisenter i vinterperioden.
- Tilgang til utgangspunktet/p-plassen for fotturar til Dagsturhytta i Kvinnherad i same område, året rundt.
- I perioden for vår-skiturar med utgangspunkt frå anleggsvegen varer (til ultimo juni), bør anleggsvegen vera open for ålmenta heilt inn til Blåfalli III (Blådalsbotn).
- I barmarkssesongen er det viktig at ein, så langt som råd, sikrar tilgang til dei populære turane til og frå Blåfalli IV.

BHT og KT forstår godt at ein treng å regulera trafikken når det er anleggsarbeid i området. Turlaga har hytter og turar i mange fjellområde og er vande med at regulantar stenger vegar i periodar med damoppgraderingar m.m. Dette er normalt sett prega av god dialog og godt samarbeid, og stenginga føregår i korte og avgrensa periodar, med best mogleg tilkomst til naturen og friluftslivsaktivitetane.

BHT og KT håper tilgangen til området vert ivareteke, og ber NVE vurdere om det heller bør søkast om midlertidige stengingar innan definerte tidsrom, knytt til spesifiserte anleggsarbeid.

Merete Lien Yndestad
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag

Jarle Røstbø
Styreleiar
Kvinnherad Turlag

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag